



**DEN NORSKE KYRKJA**

Kyrkjelydane på Bømlo

Kontaktperson:

*Sissel Fylkesnes Våge,*

*diakonimedarbeidar i kyrkjelydane på Bømlo.*

*Tlf. 53 42 32 85*

*E- post: [sissel.j.vaage@bomlo.kommune.no](mailto:sissel.j.vaage@bomlo.kommune.no)*



**DEN NORSKE KYRKJA**

Kyrkjelydane på Bømlo

*Kyrkjelydane på Bømlo si  
besøksteneste*



*Omsorg for medmennesket*

## Besøkstenesta

- Er du nysgjerrig på kva dette er?
- Er du aktuell som brukar av tenesta, eller kjenner du nokon det kan vera aktuelt for?
- Er du ein mogeleg besøkjar?

Ta ein kikk i denne brosjyra om du svara ja på nokre av desse spørsmåla.

### Kven er me?

Me er medmenneske, ikkje profesjonelle helsearbeidarar. Tenesta vert organisert av diakonitenesta til kyrkjelydane i Bømlo. Diakoni tyder omsorg. Tenesta består av frivillige menneske som vitjar unge og eldre, kronisk sjuke, funksjonshemma mfl. Besøkjaren har teieplikt.

### Står besøkjaren åleine?

Besøkjaren får opplæring, støtte og vegleiing av kyrkjelyden sin besøksleiar. Det er samlingar for besøkjarar ein gong i året. Desse er meint som eit tilbod, ein er ikkje pliktig å møta.

### Kven gjeld tenesta?

Besøkstenesta er for ALLE uansett livssyn.

Den er open for alle aldersgrupper og er meint som eit tillegg til det offentlege hjelpeapparatet, ikkje som erstatning.

### Kva kan ein besøkjar gjere:

- Vere ein person som kjem på besøk, sosial kontakt, ei hand å halde i.
- Vere følgje på butikken, på spasertur, trening osv.
- Følgje til gudsteneste, eldretreff, kino osv.
- Vere ein som kan hjelpa deg med små tenester eller ærend.
- Lese ein andakt eller bibelvers.